



Ole Jørgen Lunde
Kvernhusrenen 1 E
5208 OS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3257 - 18/4798

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
14.02.2018

Førebelsvar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 192/5 Hopsdal

Kommunen viser til innsendt søknad motteke 31.10.17 og 01.11.17 vårt brev datert 21.12.17 og dykkar supplerings motteke 31.12.17, samt søknad motteke 09.01.18 i høve veg på eigedomen.

Søknad om utsleppsløyve

Vi ber om at det vert avgrense kva reinsegrad utsleppstaden krev og reinseanlegget oppfyller, på innsendt skjema er det haka av for alle alternativ.

Planstatus

Eigedomen er uregulert og er i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 avsett til LNF-føremål. Omsøkt tiltak krev at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon frå arealføremålet.

Innsendt søknad om dispensasjon viser til dykkar behov knytt til veg og bustaden sin stand, men manglar grunngeving knytt til LNF-føremålet og dei omsyna som nemnde skal ivareta. Vi viser til rettleiar sendt dykk i brev datert 21.12.17 og ber om at de supplerer søknad om dispensasjon med grunngeving ut i frå dei omsyna som LNF-føremålet skal ivareta.

Teikningar

Mottekne teikningar er ikkje tilfresstillande til at kommunen kan handsame søknad om løyve til tiltak.

Det er ikkje levert ved teikningar av eksisterande situasjonplan-, snitt- og fasadeteikningar. Det er ikkje levert ved målsett situasjon som syner ytre hovudmål på ferdige tiltak på eigedomen. Fasadeteikningar syner ikkje takkonstruksjon på skissert tilbygg.

Køyretilkomst

Det er ikkje levert ved fagmessig utført teikningsmateriell som syner vegen. Vegen er ikkje tilfresstillande prosjektert til at kommunen kan ta stilling til søknad om løyve til tiltak.

Kommunen vurderer og at omfanget og kompleksiteten av vegen ikkje opnar for at de kan stå som sjølvbyggjar for denne.



Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vi ber om at det vert avgrense kva reinsegrad utsleppstaden krev og reinseanlegget oppfyller, på innsendt skjema er det haka av for alle alternativ jf. vårt brev datert 21.12.17.
2. Supplering av søknad om dispensasjon. Søknaden må supplerast med grunngjeving knytt til dei omsyna som LNF-føremålet skal ivareta, jf. vårt brev datert 21.12.17.
3. Oppdatert teikningsmateriell på bustad jf. vårt brev datert 21.12.17, teikningar evt. fotodokumentasjon på alle byggets fasadar. Fasadeteikning som syner takkonstruksjon på nytt tilbygg.
4. Oppdatert fagmessig utført teikningsmateriell på veg, lengdesnitt, plassering i terreng og terrengsnitt jf. vårt brev datert 21.12.17.

Vi gjer merksam på at innsendt dokumentasjon ikkje er tilfredsstillande til at kommunen kan ta stilling til søknad om løyve til tiltak. Teikningsmaterialet kan leggjast til grunn for handsaming av søknad om dispensasjon når dette vert supplert.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 14.03.18.

Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ole Jørgen Lunde

Kvernhusrenen 1 E 5208

OS

Mottakarar:
Ole Jørgen Lunde

Kvernhusrenen 1 E 5208

OS